

Fjerde mai

NR. 4-83



NKS-

VENDER
STYRKET
HJEM FRA
SONNERLEIR,
KLARE TIL
Å TA FATI
PÅ ET
SEMESTER
MED VERVE-
KAMPANJE,
PP-DEBATT,
OSV. ...

Fjerde mai nr 4-1983

4.mai nr.4-83

INNOLD DETTE NUMMER:

T.M.s forord s.3-4

Prinsippprogramdebatt s.5-15

Omfordelingspolitikk s.16-19

Pol.Øk. s.20-22


Militærpolitikk s.23-31

Dette blir mye gammelt og kjent stoff for dere som var på sommerleiren. Dvs. at de fleste innleggene er saksa fra leiravisa. Men nå var jo ikke alle på leir (av en eller annen grunn), og vi vil at også de skal få sjansen til å kaste seg inn i de debattene som startet der.

Så nå er det bare for dere å sette i gang og skrive innlegg...

DEADLINE
NESTE NR:

1. OKTOBER



T.M.'s FORORD



Kamerater!

Et nytt semester står for døra. Vi har mange viktige oppgaver foran oss. Sjøl om høsten er kort og hektisk er det fullt mulig å gjøre en god del ut av den, men det forutsetter en skikkelig plan og en hensiktsmessig arbeidsdeling.

Den overordna oppgava vår i høst er verving, organisasjonsbygging. Det er særlig viktig at vervekampanja som strekker seg fram til jul retter seg særlig inn på nye studenter. På Blindern har NKS nå gjennomført sju timers stand hver dag i to uker, i forbindelse med fagpåmeldinga. Dette har gitt et gjennomsnittlig salg av "Hva må gjøres" på 20 hver dag, atskillige sirkeldeltakere og enkelte nye medlemmer. Dette viser at semesterstartoffensiven er viktig. I tillegg har vi gått rundt på orienteringsmøtene på grunnfaga og informert om NKS, noe som også har gitt uttelling.

Sirklene vil bli starta opp umiddelbart etter valget. Dette forutsetter at partiets nye sirkler blir ferdige tidnok. For dere som skal lede sirkler er det en del gyldne regler som de fleste kjenner til men som likevel er vanskelig å få til:

- kom i gang i god tid, sørg for regelmessige møter (fast tid og sted)
 - organiserte NKS'ere i tillegg til sirkellederen bør delta på sirkelen for å følge opp deltakerne,
 - sirkeldeltakerne må følges opp både sosialt og politisk, dvs. gjøre andre ting sammen diskutere andre politiske spørsmål osv.
 - det kanskje viktigste er at sirkeldeltakerne bør aktiviseres.
- Tatt i betraktning at vi ofte sliter oss ut på alskens gjøremål, burde det være mye vi kunne trekke med uorganiserte folk på. Dette kunne tvinge oss ut av en skadelig sekterisk stil.

Lykke til!

En av de områdene vi kan trekke med oss nye folk på er den eksterne kampen. Det er slik vi binder sammen vårt interne og eksterne arbeid. I høst vil flere ting stå sentralt:

- stortingsmelding 12
- statsbudsjettet
- husleieaksjoner
- studentersamfunnsarbeidet

Sentralstyret vil på sitt første møte diskutere retningslinjer for den eksterne kampen. Vi har også innkalt alle NKS'ere med viktige oppgaver innafor de ulike interesseorganisasjonene til en felles konferanse for å diskutere hva slags politikk NKS skal legge seg på til høsten. Disse tinga vil vi komme tilbake til etterhvert.



VIKTIGE
DISKUSJONER
MÅ FØRES
OGSÅ i 4. mai
OG INNAD i
NKS...

Med hensyn til det interne livet i NKS, er det største problemet for øyeblikket mangelen på politisk debatt. Det foregår svært viktige diskusjoner om sosialismens og ml-bevegelsens framtid. Men disse føres desverre fortrinnsvis i Klassekampens spalter og ikke i grunnorganisasjonene i AKP, Rød Ungdom eller NKS. Dette er en uholdbar situasjon som truer grunnorganisasjonens eksistens.

Arbeidsutvalget i NKS har besluttet å reise debatten om prinsippprogrammet til AKP i NKS'organisasjon. Sentralstyret vil på første møte ta en slik diskusjon der det vil bli gjort en del interne vedtak som vi håper skal stimulere til debatt. Vi har som målsetting å avholde en landsomfattende konferanse og lagsmøter på disse spørsmålene. Utover høstsemestret vil debatten fortrinnsvis bli kjørt i 4. mai. Her legges ingen lokk på debatten, den eneste begrensninga vi setter er at folk som skal diskutere prinsippprogrammet også skal ha lest det. Det er derfor bare å sette igang.

Av andre diskusjoner som redaksjonen skal prøve å drive fram i disse spalter er debatttema fra sommerleiren som kriseteori, reformisme, fordelingspolitikk osv.

Undertegnede vil forøvrig bli å finne i NKS' nedslitte gemakker tirsdag og torsdag. Med visse unntak i forbindelse med reising o.l. Det er viktig at dere tar kontakt med oss, skriftlig eller telefonisk slik at vi har løpende oversikt over det som skjer rundt omkring. Informasjon av mer intern karakter gis ikke på denne måten.

T.M.

Debatt



UTKAST TIL PRINSIPP-PROGRAM:
DEBATTEN RASER(?) I NKS!

Vi trykker her tre innlegg i denne debatten, alle sakset fra årets sommerleiravis. Alle innleggene, fra hhv. Petra, Tommy og Johannes, kritiserer utkastet skåpt, og vi ser gjerne at folk som er uenig med disse tre kaster seg inn i debatten her i 4.mai.

KLADD OG KLUSS- KLABB OG BABB

For ein del månader sia la T. Øgrim fra ein gedigen "kladd" som skal vera grunnlaget for intensivstudier og lange diskusjoner i rørs- la i over eit år. Det er viktig at også vår del av denne rørs- la (nks) tek del i disse diskusjonane om denne kladden. Med dette inn- legget skal eg freista å starta denne diskusjonen. Eg skal ta opp eit avsnitt i PP(prinsipp-programmet): det som dreier seg om sosia- lismen, og konsentrera meg om eit par ting her.

PP har ein del om den sosialistiske økonomien. Her vert probl- ema om den økonomiske utviklinga i hovudsak eit spm. om utvikling av produktivkreftene. Målet er auka produktivitet og auka overskot. Dette er utslag av ei feilaktig tenkning, som er mekanisk eller deterministisk. For den økonomiske basis er ikkje berre prod.kre- ftene, men og produksjonstilhøva; eigendomstilhøve og arbeidsdel-



-HVORDAN OPPHEVES
ARBEIDSDDELINGA?

ing. Den sosialistiske revolusjonen betyr ei revolusjonering av produksjonstilhøva gjennom ekspropieringa av privateig- endommen. Men den endrer ikkje på noe ved arbeidsdelinga. Og arbe- idsdelinga er ikkje eit teknisk spørsmål, det er eit spørsmål om at alle skal ta del i produksjonen såvel som styringa av samfunnet og vitskap. Utviklinga av produktivkreftene sett gøtenser for kor langt ein kan gå i utviklinga av produksjonstilhøva, opphevinga av arbeid sdelinga. Dvs. at ein må ha ein høg produktivitet, sånn at arbeids- dagen i produksjonen er kort.

Men denne auka produktivitet medfører ikkje automatisk ei en- dring av arbeidsdelinga. For at det skal skje ei kvalitativ endring

her, trengs klassekamp, ein kamp for at alle skal få lov til å ta del i "Åndens arbeid", ein kamp mot einskilte grupperes privilegier. Sosialismens oppgåve er å fjerna utbytting og undertrykking, og for at dette skal skje må produksjonstilhøva endres. Sosialismen skal gjennom planen (dvs. politikken/menneska) endre tilhøvet i økonomien sånn at arbeidsdelinga kan fjernes, som igjen vil føre til at staten kan døyd bort. Derfor gjer PP ein feil når den legg så stor vekt på produktiv - kreftene, og så liten vekt på produksjonstilhøva og klassekampen.

Ggså under pkt. om proletariatets demokratiske diktatur legg PP for stor vekt på det kvantitative (demokratiet) og for liten vekt på det kvalitative (klassekampen). Det er ikkje det at det som står om demokratiet er galt. Det er derimot det at demokratiet har



EN MOBILISERT
ARBEIDERKLASSE
UTE FOR Å
HINDRE
KONTRAREVOLUSJON

sine begrensninger. PP legg mykje vekt på faren for kontrarevolusjon innanfrå. Gg det ser nesten ut til å meina at dette kan hindres gjennom eksistensen av reellt valgte folkeforsamlingar som har reell makt. Eg meiner at disse reellt valgte osv. kan degenerere likesåvel som partiet. Den viktigaste krafta mot kontrarevolusjon er ein mobilisert arbeiderklasse. Ein klasse som ikkje berre er mobilisert til å storme, men og til å ta del i politikk- en daglig, kritisera og kontrollera sine representantar.

Eg er heilt samd med PP i at kommunistpartiet ikkje skal ha ein grunnlovsfesta særstilling. Det har aldri stått i PP og ingen har foreslått det til no. Men spm. er ikkje ein paragraf i grunnlova. Eg er og samd med PP i at partiet må ha ein leiande stilling i den sosialistiske staten, ellers vil ikkje socialismen overleva. Men når PP på samme tid slår fast at partiet skal bøye seg for ei kvar avgjerde i dei demokratisk valgte organ, så følger ikkje eg lenger. For om disse avgjerder vil føra til socialismens fall, så må partiet med nebb og klør, med alle middelet søka å hindra at dei

vert gjennomført. Her må partiet bruka sitt beste reiskap, den klassen det skal tjena. Det må mobilisera arbeidarane mot deira egne representantar, og klassen må kaste dei. Her ser vi at klassekampen vert viktig. I staden for å prinsippfesta at partiet skal godta vedtak i demokratiske valgte organ, så må vi heller slå fast den plikt partiet har overfor proletariatet: å med alle middel kjempa for at denne klassens herredømme vert haldt oppe.

Det er helt klart at ett-partistaten ikkje er noko løysing for sosialismen i Noreg. Like klart er det at demokratiet er helt essensielt, og kan vera eit middel til å oppretthalda arbeidar-klassens makt. Men det kan ikkje sikre den. PP overvurderer demokratiets funksjon, og er for lite kritisk til det reine demokratiet (det skal eg ikkje ta opp her). Og det legg alt for liten vekt på klassekampen, og det å mobilisera ^{arbeidar} som herskande klasse, og herskande over sine demokratiske valgte representantar.

Var det nokon som sa at dette var maoistisk og kulturrevolusjonært? -Ja, det er det. Og med sin mekaniske ideologi, sin undervurdering av klassekampen og mobilisering, sin vektlegging på produktivitet og overskot, og kvantitativt demokrati, vert det sånn at den einast av M-L-N's store klassikere som kan sjå på programmets sosialismedel å nikka, seia -ja, bra., vera den som PP sjølv tenderar til å avvisa som ein stor klassiker: -Stalin. Leve Maoismen! Leve den kulturrevolusjonære ide! Leve AKP!

PETRA.



KORT
PROSESS
MED
UTKASTET
TIL P.P...



Prinsippplaus fanefukt!

Den kjende bajas og ølbrygger Tron Øgrim har leia ei gruppe nedsatt av partileiinga for å revidera partiprogrammet til AKP, og det har gruppa greidd ettertrykkelig. Det nye forslaget til prinsipp-program bryt med tidlegare liner på ei rekke sentrale område. Programforslaget er blitt varmt omfavna av partileiinga, og alle dei som framfor forrige landsmøte sto for den line som landsmøtet stempla som høgre, -synspunkt som dels vart nedstemte på det landsmøtet. No må folk sjølv sagt ha rett til å fremja forslag som tidlegare er blitt nedstemt, og gjerne og forslag som forslagsstilleren to år tidlegare har kjempa bittert imot. Men då bør det verra eit krav til redelegheit at ein seier kva ein driv på med.

Det verste med programforslaget er ikkje det har komme ut, men at partileiinga tydelegvis har resignert i kampen mot tendensane til å riva det teoretiske grunnlaget bort under føtene på partiet, mellom anna med dei sterkaste advarslane overfor partiet om ikkje å gå ned i skyttergravene".

Det vil ta for mykje plass i eitt nummer av leiravisa å gji ein heilbeitleg gjennomgang av programforslaget, så eg skal i denne omgang konsentrera meg om kappittel 8 i dette innlegget. Det handlar om AKP.

Første avsnitt heiter "AKP(m-l) sine mål og politiske grunnlag" (Det står faktisk i fleirtal!) I dette avsnittet er det ikkje nemt at partiet er Arbeiderklassen sitt parti eller at partiet skal vera leiande i klassekampen. Desse to aspekta er berre nemt under avsnittet "Arbeidsmåten og organisasjonen at AKP(m-l)" (Eg har ein misstanke om at arbeidsmåten og organisasjonen at AKP(m-l).

Det er viktig å vera klar over her at heile opprettinga og eksistensen av det kommunistiske partiet har alltid vore begrunna med at det kommunistiske partiet er arbeiderklassen sitt parti og at det er og skal vera leiande. (Ellers ville jo påstanden om revolusjonen som arbeiderklassens eige verk bli ganske tullele) Sjøl under "arbeidsmåte og organisasjon" er partiet ikkje definert som arbeiderklassen sitt parti. Om AKP sin rolle i høve til masseorganisasjoner etc. står følgande:

"I alle kamper prøver (partiet) å arbeide fram slik som utviklar solidaritet og tek også vare på interessene at heile arbeiderklassen. Også dei langsiktige interessene har partiet eit åpe

auge for. Dette er det viktigste som skil AKP(m-l) frå ymse slag masseorganisasjonar og aksjonsgrupper".

Dersom AKP ikkje er noko meir finst det ikkje lenger nokon argumentasjon for organisasjonsprinsippet: "demokratisk sentralisme", som jo berre kan begrunnes ut frå at partiet er arbeidarklassen sitt parti - eit kommunistisk parti. Det står at AKP er eit internasjonalistisk og patriotisk parti, men ikkje at det er kommunistisk. Er det berre for å bløffa folk at det framleis skal heita "Arbeiderne kommunistiske parti"?

NKS er i dag programatisk underordna AKP. Dette er fordi vi ser AKP som det leiande kommunistiske partiet i Noreg. Kva så om AKP vedtar i programs form at det ikkje er korkje leiande eller kommunistisk?

Om den leiande rolla skriv program-komiteen: "Partiet må vera tidleg ute med rette liner, sjølv ta dei tyngste bøkene og gå dit kampen er hardest. Partiet kan berre vinna tilslutning ved sjøl å vera eit føredøme". For ei historisk oppgåve, og for ei Målsetting (Det stunder tydeligvis mot valg).

Eit av dei farlegaste punkta er det om "karrieremakarar og borgarar i partiet". Mot at ein før har snakka om at òlike kan og vil bli utvikla i partiet, skal det no heita at slike kan komma inn i partiet. Dette står jo dessuten heilt i stil med Pål Steigan sin kampanje mot kulturrevolusjonen, der han slår fast at det er umulig å definera kven som er borgar eller ikkje. (Eg syns tvert om vi børjar å sjå konturane).

Ellers er forslaget prega svært mykje av vulgær hets mot parti-medlemmar som har slitt i årevis for klassekampen. Til dømes vert historia beskrevet slik: "Frå å kopiera modellar og pugge formel har AKP(m-l) utvikla seg til å studera det vitskaplege innhaldet i teorien og gjera sjølvstendige undersøkingar og analysar" (Eg skal ikkje benekte at analysane er sjølvstendige, i alle fall er dei ikkje vidare bundne av marxismen.)

Dette kapittelet er kanskje det verste, men dei fleste andre går i samme korridor, og gjev god grunn til å konkludera med at det beste ved programforslaget er at sidene har så breie margar at kommunistar kan gjera notater om eigne meiningar.

Tommy.



JOHANNES' APENBARING:

6 HOVEDPUNKT OG 17 TESER OM "UTKAST TIL PRINSIPPROGRAM"
-kvifor det er jævla dårleg og ikkje kan brukast som
program for eit seriøst revolusjonært parti.

2.

Om kva som er bra - og om eit spesielt problem.

1. Det avgjerande framskrittet med dette programmet er den vekta som blir lagt på at kommunismen er målet - det er den som er løysinga - motstykket til faenskapen under kapitalismen. Dette gir eit utmerka utgangspunkt for å framstilla den kampen arbeiderklassen må føra under sosialismen - at dette høvet ikkje blir brukt er ei anna sak.
2. Ein annan fordel er at programmet er kort. Men knytta til dette er ei stor fare. Arbeidsprogrammet tar for seg dei krava me sloss for i dag, på eit hav område - det nåverande PP inneheld meir prinsipielle standpunkt på mange av dei same sakane. Desse er tatt ut av utkastet. Tar me ikkje dette alvorleg kan me plutsleg, utilsikta(?) stå utan politikk på ei rad saker (eit tilfeldig døme: målspm.).

b.

Om slurv, tull og vas. Tron Øgrim skriv i forordet at utkastet er ein kladd som vil trenge språklege rettingar og politiske presiseringar. Så sant, så sant!!! Nokre døme:

3. Den historiske framstillinga i 1. del av 1. kap. er rørete og inneheld ei rad tåpelege feil. Døme: "Slike opprør (frå underklassen) har drive historia framover. Dei førte til at klassesamfunn tufta på slaveri fall og klassesamfunn bygde på føydalisme kom i staden." Tøv!
4. PP-forfattarane trur tydelegvis at det å skrive nynorsk er å vera sløv med uttrykka. Døme: "Også dei langsiktige interessane (til arbeidarklassen) har partiet eit ope auge for". Eg håpar det er meint at partiet står for dei langsiktige interessane. Ellers er det mykje "nynorsk" som eigentleg er kansellidansk, slik som "utsjånaden til sosialismen".

- 11 -

C.

- Om kompromissmakeri. Tron Øgrim nemner i Røde Fane at formuleringane om Stalin er laga som eit kompromiss. Slikt gjennomsyrrer heile PP.
5. Eit parti som kallar seg vitskapleg kan ikkje skriva program etter denne metoden. Om det er usemje, får ein anten la vere å skriva noko, eller ta ein politisk kamp for å nå einskap, evt. i siste instans la fleirtalet avgjere.
 6. Kompromissinga fører til eit gummiprogram som alle kan dra i den retning som passar dei best. Dette hemmar den indre kampen i partiet og gjer lina flytande. I praksis vil dette føre til høgredreining.
 7. Vapna revolusjon er eit døme på dette. Ingen kan seia at det ikkje står at me er for vapna revolusjon, men formuleringa er jævlig endra: i staden for å slå fast at arbeidarklassen for å ta makta må knusa borgarskapet militært, ta fra dei vapna, plaprar utkastet om at klassen nok må "forsvara sosialismen med våpenmakt", og er opptatt av å forklara at dette ikkje er fordi sosialismen er udemokratisk.



ARBEIDARKLASSEN (VED 4
AV DEI) FORSVARAR
SOSIALISMEN, PÅ
EIN UDEMOKRAISK
MÅTE?

d.

- Om FUP(9-1): Folkeflertallets Utopiske Parti (gjennomsnitts-liberalerne). Utkastet blir utopisk fordi:
8. Det inneheld ikkje nokon strategi for den revolusjonære kampen under kapitalismen -dvs ei klasseanalyse av Noreg - kva krefter må me alliera oss med, kven må nøytralisertast, kven er fienden o.l.
 9. I tråd med dette inneheld det heller inga analyse av / polemikk mot reformisme og revisjonisme (DNA, SV, NKP). (Me kan håpa at desse tinga kjem i det manglande kap.4)

10. Vidare er programmet svært dårleg på politisk økonomi både når det gjeld kritikken av kapitalismen og analysa av problema i den sosialistiske økonomien (døme på det siste: problem med at Noreg tek del i utbyttinga av 3. verda blir redusert til eit spørsmål om at kaffien kan bli dyrare!!!)

Utkastet blir liberalt, ikkje revolusjonært fordi:

11. Programmet åpnar for at "det arbeidande folket" skal styre økonomien. Mot dette meiner eg at arbeidarklassen må ha makta - som den einaste klassen som ikkje kan berika seg med produksjon for profit. Korleis skal arbeidarklassen ha makta? Eigentleg er dette ei sjølmotseiing. Sosialismen er eit prosjekt for gjennom økonomisk utvikling å oppheva arbeidsdelinga, klasseskillet mellom dei som produserer og dei som administrerer. I heile denne epoken er problemet at administratorane, statsbyråkratiet, vil tendere mot å konstituere seg sjøl som herskande klasse. Her er programmet bra, for såvidt som det legg stor vekt på at kommunistpartiet må vera dominert av arbeidarar, ikkje voksa saman med statsleiinga, men vera kritisk i høve til staten. Det står hist og her at kommunistpartiet må stå i leiinga for staten om ikkje samfunnet skal utvikla seg i retning kapitalisme. Så står det at om det er fare for at eit mindretal utbyttrarar kjem til makta att, må partiet slåst med alle middel mot det. REM: Dette går jo heilt i kryss når det blir lagt opp til at partiet skal gi fra seg makta dersom det kjem i mindretal i folkevalde organ. Gi frå seg makta til kven då? Til klassen? I praksis vil det sjølsagt vera til eit eller anna parti



- OGSÅ UNDER SOSIALISMEN!

med eit anna program enn det kommunistiske, og bety nederlag for sosialismen, og eit nytt utbyttersamfunn. Derfor finst det berre ein grunn til å gjera noko slikt - at ein er for veik til å ta opp kampen.

12. I denne samanheng er det interessant når formuleringa "AKP er den norske arbeidarklassens parti" er tatt ut. Dette er både eit praktisk og eit teoretisk spørsmål. Praktisk er AKP i dag det norske partiet som står for arbeidarklassens objektive kortsiktige og langsiktige interesser. Kven andre? Teoretisk slår jo sjøl programutkastet fast at dette er tilfellet. Då må den gamle proklamasjonen oppretthaldast.

13. Utkastet forkastar parlamentarismen, men forklarar ikkje kva som

skal endrast under sosialismen. Sjøl er eg heilt for frie val med høve for fleire parti til å stille. Men for det første kan ikkje dette sikre arbeidarklassen makta. Det viktigste her er at viktige økonomiske og politiske spørsmål blir diskuterte breitt på arbeidsplassane, og ei omfattande politisk skoloring av arbeidarar. For det andre kan ikkje sosialistisk planøkonomi utviklast om ein som nå skal ha ein valkamp der alle lovar gull og grønne skogar. Represen-
tantar må veljast etter diskusjonar i lokalmiljøet og kunne kallast tilbake.

14. Alment er framstillinga av sosialismen prega av Kardemomme by - alt er fint og demokratisk: inga overvaking, full tale- og trykkefridom, alle diskusjonar løyst ved diskusjon og overtving. Vel og bra . men både praktisk erfaring og teori tilseier enorme motseiingar, graden av rettigheter vil måtta avhenga av kor fast arbeidarklassen sit ved makta. (Presisering: eg er heilt for alt som står om demokrati og fridom, men det blir tullete når berre den sida blir framstilt.)

e.

Om å tukle med historia.

15. Slik Stalin, det sosialistiske Sovjet og Komintern blir hand-
sama, er ei forfalsking av historia, ved at feila får domi-
nera. Komintern blir avfeid i ei setning. Dette er heilt ufor-
svarleg. 3.internasjonale spela ei enorm rolle i å spreie den
revolusjonære marxismen i verda, særleg i koloniane og dei
fattige, underkua landa. Samstundes fanst svære feil, og det er
mogleg tanken om eitt senter for verdsrevolusjonen var feil frå
starten. Men skal det stå noko om Komintern i programmet må det
vera ei balansert framstilling.
Eg har lenge vore for å fjerna omgrepet "dei 5 store klassikarane",
det kan hjelpa til å frigjera marxismestudiane frå tendensar til
bibeldisputas. Men å ramsa opp Marx-Lenin-Mao som utviklingslina
til marxismen er borti staur og veggar. Stalin var teoretikaren og
den praktiske arkitekten bak det fyrste sosialistiske eksperimen-
tentet i verdshistoria. Mao og den kinesiske sosialismen kan
overhovudet ikkje forståst utan å forstå at dei bygde vidare på
Stalin. Om me skal vera vitskaplege kan me ikkje retusjera vekk
Josef, men gi ei framstilling av forteneane hans like grundig
som av feila.
16. Det blir framstilt som om AKP tidlegare "kopierte modellar og pugga
formlar". Sjølsagt hadde me store feil i den retning. Men om me
vurderar AKP opp mot dei fleste andre kommunistparti i Europa nå

og før, så er det særigne ved oss nettopp evna til sjølstendig analyse av norske tilhøve og ein politikk forma ut fra det. Dette forklarar den relative styrken vår.



-ME KAN IKKJE RETUSJERA VEKK
JOSEF!

Anna

17. Øgrim skriv i forordet at det som er minst endra er analysa av verdssituasjonen. Tull. Tvertimot er ho kraftig endra. Etter 3 år med sovjetisk ekspansjon og eit USA i aukande problem svekker utkastet innrettinga på kamp mot Sovjet. Her må det endrast: Det må inn ei klar framstilling av utviklinga i styrkeforholdet mellom dei to. Det må klart peikast på Sovjet som den makta som driv fram krigsfaren, og det som i 80-programmet slåst fast at kreftene må samlast mot Sovjets krigspolitikk.

JOHANNES



OMFORDDELINGS-
POLITIKK :

KAMP ELLER KAPITULASJON?

Som jeg sa i innledningen, kan vi snakke om to former for fordeling: Fordelingen av arbeid og kapital (lønn og merverdi) og fordeling innafor folket.

Debatten om omfordelingspolitikken gjelder først og fremst denne siste fordelinga (innad i folket).

For å slå fast: Jeg mener sjølsagt at kommunister av all kraft skal slåss mot en slik reaksjonær politikk. - For denne politikken er reaksjonær.

Men jeg er mot å oppheve til et hellig prinsipp at vi aldri kan gå med på omfordeling innad i folket. Det kan være situasjoner der vi blir tvunget til å gå inn for det minste av to onder. Det største problemet er imidlertid ikke at vi gjør dette, men at vi 1) gjør dette uten å reise kampen 2) ikke klarer å forklare hva slags ideologi som ligger til grunn for de reaksjonære framstøta.

Tommy og Fallon mener at revolusjonære aldri kan inngå slike kompromisser. Om en tapt kamp (pga. kompromissløshet) gjør at hele arbeidsstokken vender seg mot den kommunistiske tillitsmannen, men at et fåtal fåtall har fått sosialistiske vyer, har denne kampen vært riktig.

Jeg mener dette er eventyrpolitikk, og er atskillig lettere å gjennomføre i en teoretisk debatt enn ute i virkeligheten.

KRISTLE:

KJEMP!

MOT NEDSKJÆRINGANE

Klassekampen på det økonomiske området tek under kapitalismen form av å vera ein kamp om meirverdien eller "rammene". Taktiske omsyn gjer det påkravd å variera måten å stilla krava på. (Til dømes er kravet om 6-timarsdagen med komp. eigentleg eit krav om 33% lønnsauke.) På utdanningssektoren gjeld dette kampen mot nedskjæringane. Kampen mot nedskjæringane er det overordna. Alle forslag til omfordeling må vurdereast utifra korleis dei står i høve til denne kampen.

Dersom eit forslag svarar til begge av dei følgande kriteria går vi mot dei:

- a) Når gjennomføring av forslaget ikkje forutset heving av rammane.
- b) Når gjennomføring av forslaget vil legge tilhøva betre til rette for nedskjæringar i framtia.

Slike forslag går vi mot på grunnlag av stillinga dei har i høve til nedskjæringskampen.

Ei rekke forslag til nye "sosiale", "rettferdige" modellar kjem under denne kategorien. Lausrevne frå den økonomiske samanheng kan dei sjå vakre ut. Problemet er berre at det er tullete å foreta ei slik isolering, for den eksisterer ikkje i verkelegheita. Den økonomiske og politiske ramma for modellar som titt og ofte kjem i stortingsmeldingar etc. er kun å rydda vege for auka nedskjæringar.

Ein del forslag vil vi etter vurdering komma fram til at ikkje får noko innverknad på kampen mot nedskjæringane i det heile. Slike saker er ofte dei ein kjem opp i i parlamentariske organ, der årets nedskjæringar er vedtatt (og ein ser den kampen som tapt).

For det første er ikkje kampen om rammane nødvendigvis tapt om nedskjæringane er vedtatt. Men om ein no "erkjenner" eit nederlag her, og kjem i "valg mellom to onder", så finst det ikkje lenger, på bakgrunn av kampen mot nedskjæringane, ei riktig eller feilaktig linje for korleis ein skal stemme. Her er det stilt feil spørsmål, fordi dette "valget" har ikkje lenger noko med kampen mot

nedskjæringane - klassekampen på det økonomiske området - å gjera. I ein slik situasjon er ein inne på eit ganske vanlig prioriteringsproblem slik ein også har det i tider utan nedskjæringar, og andre omsyn vert her det avgjerande.

Det store spørsmålet er kvifor dette prioriteringsspeørsmålet vert fokusert så voldsomt mykje på, og vert framstilt som ein del av kampen mot nedskjæringane, noko det slett ikkje dreier seg om.

Sjålv om klassekampen på det økonomiske området i dag er det avgjerande kan omfordeling også berøra klassekampen på t.d. det ideologiske området, men dette er underordna, og kjem først i betraktning etter at saka er avklara i høve til nedskjæringskampen.

Hovedproblemet er likevel den klare tendensen til berre å diskutera problema med omfordeling når ein skulle snakka om kampen mot nedskjæringane. M.a.o. kasta seg inn i ein heilt annan debatt enn den det skulle dreie seg om.

Ein viktig grunn til at Sos.Front gjer denne feilen er at dei overordnar den ideologiske kampen i høve til den økonomiske, og ser nedskjæringane dels som ein mulegheit til å "lura" progressive reformar inn bakvegen.

Det viktigaste i kampen mot nedskjæringane i dag er:

- Å reisa studentane til kamp mot nedskjæringane.
- Å ikkje vera for raske til å slå fast at kampen er tapt.
- Å gå mot ideen om at nedskjæringane kan brukast til positive reformar.
- Å bruka nedskjæringane til å avsløra kapitalismens sanne tryne.

Fallon & Tommy



-KAN FALLON GREIE
Å AVSLØRE KAPITAL-
ISMENS SANNE TRYNE?
FØLG DYNASTI-DEBATEN
I 4. MAI!

fordelings- & studie finansiering politikk

Hvis vi ikke bare skal være idealister, men føre klassekamp i dagens politiske system er vi nødt til å ta del i fordelingspolitikken, samtidig som vi kjemper for de langsiktige målene for et kommunistisk samfunn.

Vi skal kreve bedre kår for studentene, men vi må ikke glemme hvilken klasse vi kjemper for.

Skal vi kjempe for arbeiderklassens rettigheter mener jeg en riktig studentpolitikk er å kreve stipenddekning for arbeiderklassens unger, slik at de kan få utdanning. Vil borgerskapets unger ha utdanning, får de betale det sjøl.

Vi har lenge levd i trua på at det er lik rett til utdanning. Men virkeligheten sier noe annet. Det er i hovedsak borgerskapets ~~xx~~ unger som faktisk tar utdanning i dag.

Arbeiderklassens unger blir ikke stimulert til å ta utdanning. Og de ser seg ikke i stand til å ta svære lån for å få en utdanning-

Men borgerskapets unger er oppflasket med at de skal "bli noe" og mamma og pappa støtter selvfølgelig underveis.

Poenget er jo at alle ikke kan ta utdanning. (Jævla liten vits i å være kjemiker når du sitter ved kassaapparatet). Det er snakk om fordeling. Hvem skal få lov å studere? I dag er det borgerskapet

Mona.

KLASSEKAMP & POLITISK ØKONOMI

Dette innlegget er sakset fra internbladet til Rød Ungdom .
Det burde ha en viss relevans til både debatten om politisk økonomi og kulturrevolusjonsdebatten bl.a.

Kamerater i Rød Ungdom! Følg med i diskusjonen om politisk økonomi! Nye oppdagelser kan raskt rive ned gamle oppfatninger. Den politiske økonomien er blitt et uro-moment i vårt teorisystem!

I fjor sommer, i Gudbrandsdalen, diskuterte vi mye omkring dette med verdi, abstrakt arbeid osv. På den tida gjorde vi viktige gjennombrudd. Det viktigste var: Politisk økonomi er ikke først og fremst en analyse av den tekniske produksjonen, men en analyse av forholdet mellom mennesker. Verdi blir ikke skapt gjennom den konkrete arbeidsytelsen, f.eks. snekring, men er et uttrykk for et arbeid utført innad i et samfunn av uavhengige vareprodusenter.

Verdi er noe "samfunnsmessig" sa vi. Dette var et langt skritt på riktig vei. Men hva mer kunne vi si om dette samfunnet, annet enn at det besto av uavhengige kapitalistiske vareprodusenter? Hvilken rolle spilte klassekampen i denne sammenhengen? Dette var på ingen måte avklart.

I den marxistiske teoritradisjonen snakker vi om bestemte begreper. Vi snakker om basis og overbygning, om produktivkrefter og produksjonsforhold osv. I denne tradisjonen anses "økonomien som avgjørende" (basis/produktivkrefter), mens politikk, staten, kulturen osv. mer eller mindre gjenspeiler forandringa i økonomien. Men hvor er klassekampen i denne modellen? Jeg tror denne modellen er moden for en kritisk granskning.

Mange har sikkert lagt merke til at det i Klassekampen i sommer pågikk en debatt om den kinesiske kulturrevolusjonen. Den dreide seg om viktige spørsmål i den marxistiske teorien. Hvilke faktorer for-

andrer og utvikler samfunnet? Er det først og fremst økonomien? Eller er det først og fremst klassekampen? Den nåværende ledelsen i det kinesiske kommunistpartiet kritiserer Mao Zedong for å legge for stor vekt på klassekampen og for liten vekt på økonomien. De driver nå en stor kampanje for å modernisere Kina og sier at tida for de store klassekamper er forbi. De sier: For å forandre samfunnet må vi først utvikle økonomien. For å forandre produksjonsforholda må vi først utvikle produktivkreftene.

Jeg tror denne oppfatninga er ensidig, og derfor feilaktig. Jeg mener det er en borgerlig oppfatning. For økonomi og produksjon er ikke bare det å lage nyttige ting som menneskene trenger og som bringer dem ut av tilbakeliggenskap og fattigdom.

Før når du produserer, så produserer du også et bestemt maktforhold eller klasseforhold. Det å øke produksjonen er nødvendig, men det er ikke automatisk det samme som å frigjøre menneskene. Det kan like gjerne bety økt bånd på menneskene.

Marx så på produksjonen av ting og produksjonen av samfunnsforhold som to sider av samme sak. Det ene kan ikke skilles fra det andre. Men innafor denne motsigelsens enhet spiller samfunnsforholda eller klasseforholda en dominerende rolle. Nettopp derfor var han gjennom mange år opptatt av å avdekke den særegne forma som klasseforholda får under kapitalismen.

Under føydalismen, så jobba den avhengige bonden: f.eks. tre dager for føydalherren og tre dager for seg sjøl. Dette forholdet kunne nok endre seg gjennom tida som følge av klassekamp. Men sjølve utbyttingsforholdet lå klart og åpent i dagen, som det maktforholdet det var. Annerledes under kapitalismen. Her ligger ikke klasseforholda så klart i dagen. Hvorfor?

Kapitalismen er vareproduksjon. For at utbytting- og opprettholdelse av det kapitalistiske klasseherredømmet skal finne sted - må det suges inn i vare sirkulasjonen. Produksjonsmidlene er varer, arbeidskrafta er varer, de ferdige produktene er varer. Alt er varet. Utbyttinga er skjult og tar form av et varebytte, altså noe reint økonomisk. Samfunnsforhold tar form av økonomiske forhold. Klassekampen tar form av økonomiske lover, som verdiloy, akkumulasjon, profitttratens fall osv. Det er det Marx med et merkelig uttrykk kaller vare-fetisjismen.

Følgelig så ser det for det umiddelbare blikk ut som om økonomi er samfunnets virkelige grunnlag, dvs. en klassenøytral og teknisk struktur, med egne økonomiske lover, som resten av samfunnet, klassene, den politiske overbygninga osv. må rette seg etter. Under økonomiske kriser sier derfor borgerskapet: Dette er resultatet av "reint økonomiske lover" og må løses med "reint økonomiske tiltak"

(dvs. slå ned lønna, øke arbeidsløsheten, øke arbeidskraftas mobilitet osv.) De sosiale konsekvensene er beklagelige, men nødvendige da de springer ut av "reint økonomiske lover".

Marx viser i Kapitalen at det ikke er noe som heter den "reine økonomi" som danner basis for politikken. Han viser at nårsamfunnet produserer, så produserer det samtidig både bruksverdi og verdi, både produktivkrefter og produksjonsforhold, både økonomi og klasseforhold. Han viser også inngående hvordan klasseforholda, nemlig kapitalens bestrebelser på å utvinne mest mulig merarbeid av arbeiderklassen og arbeiderklassens motstand hele tida virker inn på og forandrer den tekniske sida av produksjonen. F.eks. førte kampen for 10 timersdagen til at kapitalistene ble tvunget til å satse på profitt gjennom økt produktivitet, noe som ga en avgjørende impuls til den industrielle revolusjonen.

Kina må modernisere. Det står ikke til diskusjon. Men det som står til diskusjon er måten dette skjer og den teoretiske oppfatninga som moderniseringa begrunnes med. Når de i Kina snakker om å utvikle produktivkreftene og utvikle økonomien, så argumenterer de akkurat som kapitalistene. Ideen om at produksjonen bare er produksjon av "ting", som det etterpå gjelderrå fordele på en eller annen måte, er kapitalistisk. Denne ideen tilslører at produksjonen hele tida finner sted på grunnlag av bestemte maktforhold (som i sin tur bestemmer fordelingsforholda). På den måten kan de kapitalistiske produksjonsforholda utmerka godt oppstå, under dekke av å fremtre som "rein økonomi", "produktivkrefstens utvikling", "modernisering" osv. Jeg er bekymra for den linja de følger i Kina nå. Særlig fordi de så grundig har kasta på båten Maos teori om klassekampens fortsettelse under sosialismen.

Dere skjønner: Pol. øk. diskusjonen dreier seg om noe langt mer enn bare økonomi og økonomiske lover. Det dreier seg i mye større grad enn vi tidligere har skjönt om en helhetsoppfatning av samfunnet. Altså viktige ting på det teoretiske området. Kjenner jeg Rød Ungdom rett vil dere ikke stå på sidelinja i denne diskusjonen. Stå på!




PER .

MILITÆR-POL.

KRITIKK AV AKP (m-l) SIN MILITÆRPOLITIKK

- om krig, og situasjonen i dag
- krava til ein revolusjonær militærpolitikk
- motseiingar i programmet til AKP
- om passifisme og kvinneledar ver neplykt

av
NTH-laget / Trondheim



- Får vi skal drøfte militærpolitikken må vi først klargjere
1. kva er krig ?
2. kva karakter vil den krigen vi førebur oss på ha ?

Det første punktet kan vi tradisjonelt forklare ved å seie at "krigen er framhald av politikken med andre, dvs valdelege middel." Dette er i og for seg sant, men for oss marxistar er ikkje denne forklarings fullgod. Om vi tar ho bokstavleg, blir vi leida på villspor: krigen kan hindrast ved at regjeringa fører ein annan politikk.

Lenin har analysert krigsspørsmålet grundig og vi vil derfor gå litt inn på kva han sto for. Han sa at krig er ein naturleg og uungåeleg følgje av det imperialistiske systemet. Vidare gjorde han det klart at imperialismen ikkje er ein politikk som statsleiarane kan velje å føre eller velje å ikkje føre.



I staden er imperialismen ein økonomisk og historisk kategori med ei rød kjennetegn (sjå Lenin: "Imperialismen...", s. 130 i Okt. utg). Etter kvart som kapitalen blir meir konsentrert og sentralisert må han gå utafor landegrensene for å unngå stogg i akkumulasjonsraten. Han må stadig vinne nye marknader. Eit kjennetegn ved kapitalismen i sitt imperialistiske stadium er at mest heile verda er oppdelt allereide mellom dei internasjonale monopola og dei imperialistiske statane.

Ein aggressiv utanrikspolitikk er ein lekk i kampen om råstoff og marknader. Ein slik politikk er ikkje imperialismen, men ein slik politikk er ein logisk og uungåeleg følgje av imperialismen som system. Dette er viktig for det peikar på at for å avskaffe krigen og krigsfaren må vi undergrave og knuse eit system, vi må gjere revolusjon og erstatte kapitalismen med noko kvalitativt nytt-

sosialismen. Vi kan altså ikkje oppnå å få slutt på krigen ved å knytte imperialismen einsidig til imperialistiske statar og så sloss mot desse statane.

Imperialismen er internasjonal, dvs han omfattar heile verda med unnatak av evt. sosialistiske statar som har sprengt ut av den imperialistiske kjeda.

Grovt sett kan vi dele den delen av verda som er omfatta av imperialismen i to kategoriar:

1. utbytтарane-dei imp.statane(1.&2.verda)
2. dei utbytta statane(3.verda)

I den tredje verda har ikkje kapitalismen brote gjennom for fullt.

Dette har historiske årsakar, men blir og hindra av imperialismen.

I perioden då kapitalismen voks fram, kjempa dei progressive klassane med borgarskapet i spissen fram nasjonalstaten. Oppdelinga i nasjonalstatar var objektivt naudsynt for utviklinga av kapitalismen. For at borgarskapet i dei einskilde nasjonane skulle kunne gjennomføre kapitalakkumulasjonen var det hensiktsmessig at dei hadde kontroll over eit bestemt territorium der dei kunne byggje opp ein marknad-ein heime-marknad-sams språk, historisk bakgrunn, religion osv. var føremoner for denne utviklinga. (sjå her m.a. Lenin, INasjonalt politikk...s.55, Ny Dag) At denne utviklinga no blir hindra i den utbytta delen av verda legg grunnlaget for at det finst borgarar i desse landa som har objektiv interesse av å rive seg laus frå imperialismen. Dette er det nasjonale borgarskapet. Dei kjempar for å byggje opp og forsvare ein uavhengig nasjonalstat, noko som er naudsynt for å gjennomføre ein eigen kapitalakkumulasjon gjennom oppbyggjing av eigen industri uavhengig av imperialismen.

Den kampen som det nasjonale borgarskapet i dei utbytta nasjonane fører er progressiv. Han svekkar imperialismen og er dermed objektivt til støtte for den proletariske revolusjonen.

I utbytternasjonane finst det ikkje noka nasjonalt borgarskap.

Borgarskapet i t.d. Norge har som heilskap interesse av å oppretthalde imperialismen. Utbytтарane haustar profitt utafor landegrensene (superprofitt) og kapitalakkumulasjonen skyt valdsam fart i denne delen av verda som ein følgje av imperialismen.

Motsetningane mellom borgarskapa i ulike land gjev seg utslag i krig. Kampen om det imperialistiske byttet er altså ein kamp mellom borgarskap. Fordi desse borgarskapa er knytt til forskjellige nasjonar vil krigen få skinn av å vere ein krig mellom nasjonar.

Men dette endrar ikkje på vesenet til den imperialistiske omfordelingskrigen: ein krig mellom grupperingar innafor det imperialistiske borgarskapet i kampen om fordelinga av den ekstraprofitten som det imperialistiske systemet gjev dette borgarskapet..

Slike krigar har ein reaksjonær karakter. Vi må sjå på dei som urettfædige og kan ikkje ta stilling for eller imot den eine krigførande parten. I staden må vi arbeide for å utnytte den krisesituasjonen ein krig er til å gjere revolusjon.

FOR ELLER
MOT MAGGIE I
KRIGEN OM
FALKLAND?



I dag har det imperialistiske borgarskapet organisert seg i to store grupperingar-den eine dominert av Sovjet den andre av USA. Det er motseiingane mellom desse to alliansane som vil utløyse ein ny verdskrig.

Vi skulle no ha svart på spm. som galt krigens karakter.

Tilsynelatende går AKP sitt militærprogram god for denne analysa. Ved nærare ettersyn viser det seg at dette enten:

- a) ikkje er tilfelle
- b) AKP er bevisste nasjonalsjåvinistar
- c) begge delar

AKP legg overmåte stor vekt på å argumentere for at:

- a) Sovjet er på offensiven i forhold til USA
- b) Sovjet-borgarskapet er verre enn borgarskapet i USA, -Norge, -NATO.
(Norge ut av NATO-fra ondt til verre?)

Med litt velvilje kan vi da slutte at AKP meiner at krigen mellom USA og Sovjet vil bli ein anti-fascistisk krig. Dette synet står klart opp mot det synet som vi har presentert, og det får store konsekvenser for oss kva slags syn som er rådande.

Kva er så ein anti-fascistisk krig?

Begrepet blei innført av Stalin da Sovjet blei angråpt av Tyskland under 2.verdenskrig og var uttrykk for at det var utilstrekkelig å mobilisere heile Sovjet på forsvar av sosialismen, -Stalin måtte mobilisere heile nasjonen og trakk derfor fram omgrep som "anti-fascistisk" krig og "den store fedrelandskrigen". Vi er usamd i denne analysa, -ogordbruken, men med enno ein پرسjon godvilje kan vi følgjande:

- a) ein anti-fascistisk krig er eit forsvar av sosialismen
- b) viktigast, -i ein anti-fascistisk krig går ikkje hovedmotsætninga mellom USA og Sovjet fordi desse er imperialistiske røvarar og ein krig mellom dei er ein imperialistisk røvarkrig.

KRAVA TIL EINREVOLUSJONÆR MILITÆRPOLITIKK

Vi er samde om at det er stor fare for krig. Dette må vi forholde oss konkret til, vi må altså ha ein militærpolitikk. Vi vil prøve å stille opp nokre krav til den revolusjonære militærpolitikken:

- a) den må avsløre det borgarlege forsvaret som kjerna i borgarskapet sitt valdsapparat.

I ein skjerpa situasjon vil militærstyrkane bli brukt for å slå ned indre "uro", -dette blir skjerpa gjennom tilknyttinga til NATO ved at NATO-styrkar vil bli satt inn dersom vi trugar borgerskapet med revolusjon.

b) len må mobilisere folket til kamp mot imperialismen og mot okkuperanten, det vil ^{seie} ~~si~~ propagandere at det nyttar å sloss, og viktigast, -klarleggje kva vi sloss mot, -at det ikkje er ein nasjonal frigjeringskrig for oppretting av status quo, men at det må først krig mot systemet, for gjennomføring av ein sosialistisk revolusjon.

c) den må avsløre det borgarlege forsvaret som udugeleg, at det statiske forsvaret vi har i dag er ute av stand til å møte ein Sovjet-invasjon og at borgarskapet alltid vel minste motstands veg, d.v.s. er først og fremst interessert i å holde hjula i gang for å sikre profitten.



d) derfor må ein revolusjonær militærpolitikk førebu folket, og først og fremst arbeidarklassen på krig, invasjon og folkekrig. Det nyttar ikkje i dag å gå inn for styrking av det borgarlege forsvaret og tru at folkehæren veks fram automatisk.

Vi må aktivt propagandere folkevapning, men ikkje som i militærprogrammet la denne parolen bli hengjande i lause lufta. Vi må i dag arbeide for å høyne forståinga i arbeiderklassen for kva ein folkehær er, kva vi meiner med folkevapning. Dette blir gjort umulig av parolen om styrking av det borgarlege forsvaret. For uansett om vi kallar det for eit sterkt og 'uavhengig' forsvar, så er det borgarskapet sitt forsvar. Dessutan er det feil å snakke om at militærapparatet til eit imperialistisk borgarskap kan vere uavhengig.

e) militærpolitikken må vere i samsvar med strategien ~~er~~ den sosialistiske revolusjonen. Dette er det viktigaste punktet og gjer vi feil her, vil alle punkta a-d falle saman.

Vi seier at vi er kommunistar, at vi kjemper for sosialismen, at sosialismen må innførast gjennom ein væpna revolusjon, at omveltinga står på dagsorden under ein revolusjonær situasjon.

På papiret kan det sjå ut som om vi er einig i kva ein revolusjonære situasjon er, - "omfattande krise, missnøye, statsmakta i meir eller mindre oppløysing." Kan vi tenke oss ein sånn situasjon? Korsen vil forholda vere under ein krig? No kjem vi tilbake til spørsmålet om kva ein krig er, nemleg det imperialistiske systemet satt på spissen, tøyd ut i sin ytterste konsekvens.

Dette får mykje å seie for oss. Den politikken vi fører i ein slik situasjon er heilt avgjerande for om arbeidarklassen kan utnytte situasjonen og gjere revolusjon eller om borgarskapet skal kome seg over kneika og imperialismen skal overleve som system. Men politikken vi fører fram i det avgjerande øyeblikket kan ikkje sjåast uavhengig av den politikken vi fører fram i dag.

Dersom arbeidarklassen ikkje blir førebudd på si historiske oppgave, vil det vere umuleg med ein revolusjon.

Dagens AKP-politikk byggjer ikkje opp om denne langsiktige planer strategien for sosialisme.

For å forklare dette må vi gå inn på forholdet mellom taktikk og strategi.

STRATEGIEN er den langsiktige planen - lagt opp ut fra kvar vi står i klassekampen.

TAKTIKKEN har eit kortsiktig perspektiv - den skal gripe inn i kvardagen til massene og oppildne dei til kamp. Taktikken kan skifte ofte og vil gjerne ha eit reformistisk preg. Generellt gjeld det at så lenge det vi gjer er underlagt ein plan, er alt tillatt, uansett kva slags krumspring vi måtte foreta oss.

Annleis blir det viss taktikken ikkje er underlagt strategien eller om vi ikkje har ein strategi i det heile tatt.

Det typiske for revisjonistar og opportunistar er nettopp at dei vel minste motstands veg, - reformane blir viktige i seg sjøl og blir ikkje satt inn i ein samanheng.

Sånn ser vi på AKP sin militærpolitikk. Å stille konkrete reformkrav til det borgarlege forsvaret i dag treng ikkje vere galt, tvert om meiner vi at det er heilt rett å stille slike krav. Men når reformkrava tar heilt overhand og tildekkjer målet vårt, er revisjonismen ute og går.

Kravet om styrking av det borgarlege forsvaret tilslører at

a) det norske borgarskapet er imperialistisk

- b) militærapparatet er kjerna i valdsapparatet
- c) ein krig mellom USA og Sovjet vil bli ein imperialistisk omfordelingskrig
- d) under ein slik krig må arbeidarklassen snu våpna mot sitt eige borgerskap. Dette siste står det ikkje eit ord om i militærprogrammet. Skal dette være muleg, må vi jobba med dette i dag.

Motseiingar i programmet.

-om pkt. 8.1

Framtil avsnitt 8 argumenterer programmet for at vi må byggje eit norsk dybdeforsvar (heimevern) og avslører den rollen Norge vil spele i NATO sin strategi i ein evt. krig. Programmet propaganderer for eit sterkt dybdeforsvar kontra dagens, vel og bra, men kva med parolen som har blitt stilt enkelte stader om eit sterkt konvensjonelt forsvar?

Når det poengteres at "NATO er eit mindre onde" og at Norge ut av NATO er uegna som aksjonssparole er vi ikkje med lenger. AKP skriv jo at ein er mot NATO på prinsippielt grunnlag.

AKP går inn for at Norge skal gå ut av NATO sin felles-kommando. Dette er å tilsløre NATO sin karakter og står i motstrid til deler av programmet. Denne politikken legg også opp til å godta ein USA-okkupasjon fordi det er eit mindre onde.

På grunn av det vi tidlegare har skrive, meiner vi at dette er revisjonisme, - at taktikken vært overordna strategien.

-om pkt. 8.3

Her seier ein at om norske tropper kjemper mot sovjetisk aggresjon for å frosvere "norsk sjølråderett", så er kampen rettferdig, uansett om det fins andre lands tropper på norsk jord.

Så samanliknar ein med 1940 då England og Frankrike kjempa saman med norske tropper mot Tyskland. Dette er å overordna taktikken strategien, samt at det er historisk feil (les BjørnBjørnsens Narvik 1940). England var sjøl interessert i å okkupere Norge (eller i å utvida den tyske fronten). Dei utanlandske troppene vert straks trekte tilbake då Tyskland innvanderte Frankrike. Å seie at ein slik kamp er rettferdig er det same som å seie at det vil være rettferdig å la USA okkupere oss fordi eit anna land planlegg å okkupera oss.

-om pkt. 9.3

sitat: "AKP (m-1) kjempar for den demokratiske retten til å ha våpen". Dette er ein ubrukeleg parole slik den står utan å verte grunnkjeve skikkeleg. Den er på line med kva ein kvar pistolklubb kan krevja. Skal ein slik parole verte stilt, krevs det mykje jobbing med propaganda for å grunnkje parolen. Det må stillast ein parole om at dette inneber folkevæpning.

OM PASSIFISME OG KVINNELEG VERNEPLIKT:

Vi har plassert oss på sia av den største folkerørsla i -80-åra, nemleg fredsrørsla. Her manglar vi ein taktikk for å jobbe i fredsrørsla. Partiet har ellers lagt stor vekt på taktikken, men manglar ein brukbar taktikk på eit av dei viktigaste områda. Dette er noka vi må jobbe med fordi passifismen er eit stort hinder for revolusjon og arbeiderklassens endelege mål. Vi har ei anna analyse av krig enn fredsrørsla, og det er viktig å vinne oppslutning om vår analyse. I dag vinn det fram eit syn som seier at det er våpna, særleg atomvåpna, som skapar krig.

Vi er sjølsagt for kvinneleg verneplikt (se om folkevæpning) men er det rett å stille parolen i dag? Vi ser ikkje på dette som eit spørsmål om likestilløng. Vi anser det borgarlege forsvaret som statisk, som eit skallforsvar som kun skal forsvare nokre få sentrale flyplassar i Nord-Norge, og som udugeleg. I dag er det ca. 40% av gutane som avtjenar verneplikt og vi kan ikkje sjå anna enn at kvinneleg verneplikt ville føre til at 20% av gutane og 20% av jentene ville bli innkalt til tjeneste. Dette dersom ikkje forsvaret vert mykje styrka, noka som vi går mot. Det ville dessutan auke byrdene til folket, og vi trur ikkje på krisemaksimering.

Som konklusjon vil vi notera at AKP sine prioriterte paroler som til eksempel "For eit sterkt og uavhengig forsvar-Norge ut av NATO sin felleskommando" berre tilslovrar forholda og førebur ikkje folket på at det vil verte nødvendig å bygge ein folkehær mot ei okkupasjonsmakt. AKP sin politikk står sterkt i motstrid til kva Lenin skriv, blant anna i heftet "Sosialisme og KRIG".

Vi er for politisk verne plikt og vil minne om at med omsyn til forsvaret og til fredsrørsla, så gikk dei italienske kommunistane inn i fascistpartiet når det var nødvendig, utan samanlikning for øvrig.



